



STØTTEORDNING FOR NYNORSK LITTERATUR

RETNINGSLINJER

Forlaga kan søkje om tilskot til bokutgivingar på nynorsk for desse bokkategoriane:

- Omsette barne- og ungdomsbøker og omsett dramatikk som ikkje kjem inn under innkjøpsordninga for omsett litteratur (produksjonsstøtte)
- Faglitterære barne- og ungdomsbøker som ikkje kjem inn under innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og ungdom (produksjonsstøtte)
- Faglitteraturprosjekt for barn og ungdom. Grunngeving i eige brev saman med skjemaet.
- Norsk sakprosa/faglitteratur som ikkje kjem/ikkje enno har kome inn under innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa (produksjonsstøtte)*
- Norsk og omsett sakprosa/faglitteratur innanfor emne og sjangrar der nynorsk er lite brukt i dag (utviklingsstøtte). Grunngeving i eige brev saman med skjemaet.

* Dersom ei sakprosa bok har fått tilskot frå nynorskavsetjinga og så blir kjøpt inn under innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa seinare på året, må forlaget betale attende produksjonstilskotet.

Det kan ikkje søkjast om kombinasjon av produksjons- og utviklingsstøtte samstundes, men eit prosjekt som har fått utviklingsstøtte først, kan få eit produksjonstilskot når boka er klar for trykking.

Ordninga omfattar ikkje:

- Ny norsk skjønnlitteratur for vaksne og for barn og unge som høyrer heime under innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur. Det kan heller ikkje søkjast om tilskot for bøker som er blitt avviste frå desse ordningane.**
- Omsett skjønnlitteratur (prosa) for vaksne som vert kjøpt inn under innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur. Det kan heller ikkje søkjast om tilskot for bøker som ikkje kjem med på ordninga.

** Ei grunnstøtte vil automatisk bli tildelt *innkjøpte* skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker.

Norsk kulturråd legg vekt på at dei bøkene som får tilskot, er av høg kvalitet og har ein nasjonal marknad. Vidare vil rådet prioritere tilskot til krevjande utgivingar, men kan i somme tilfelle gi eit mindre tilskot til marknadsføring av ei bok, til dømes billegbokutgiving.

Søknadsfristar: 1. juni og 1. desember